




SSR - SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

ÅRSMELDING 2014



Saman tek vi vare på ressursane



INNHALD

Meir og meir avfall	s 4
Høgdepunkt 2014	s 6
Marin forsøpling og mikroplast	s 8
Eigarmelding	s 14
Styrets årsmelding og rekneskap	s 16
Revisors beretning	s 26

Meir og meir avfall

Innbyggjarane i Noreg kastar meir og meir avfall. I 2013 vart det handsama 84 000 tonn meir hushaldningsavfall enn i 2012 (då totalt 2,3 millionar tonn). I snitt vart det kasta 442 kg hushaldningsavfall per person i 2013; dette var då eit auke på 12 kg frå 2012 (tal frå SSB si undersøking Avfall frå hushalda, 2013). Samanlikna med tal frå 1992 har vi hatt ein avfallsauke på 123 prosent!

Statistikk har tidligare vist at produksjonen av avfall heng saman med forbruk. Tala frå 2013 viser at for kvar tusenlapp ein bruker, kastar vi om lag 2 kg med avfall. Mykje av avfallet er mat som fortsatt er spiseleg når den vert kasta. SSB har rekna fram til at frå 2010 til 2020 er mengda hushaldningsavfall forventa å stige med 49 prosent. Korleis skal desse mengdene med avfall handterast?

Krav frå EU i deira rammedirektiv om avfall er bindande også for Noreg. Dei ulike krava skal fremje vilje i medlemslanda til å velje løysingar for avfallshandteringa så høgt oppe i avfallshierarkiet som mogeleg. Øvst i avfallshierarkiet finn ein reduksjon av avfall som vert følgd av ombruk og materialgjenvinning. Energiutnytting kjem etter materialgjenvinning.

Det vert blant anna sett krav om 50 prosent ombruk eller materialgjenvinning av hushaldningsavfallet innan 2020. Det ligg og forslag om å stramme inn krava i direktivet til 70 prosent materialgjenvinning/gjenbruk av hushaldningsavfall innan 2030, og 80 prosent materialgjenvinning/gjenbruk av emballasjeavfall (glas-, metall-, plast- og papp- papiremballasje). Også kravet om at maks 30 prosent av avfallet vert sendt til energigjenvinning spelar inn.

Dagens prosent for materialgjenvinning i SSR - kommunane ligg på 61 prosent i 2014, og 37 prosent vert energigjenvunne. Abonnentane i dei fire kommunane som SSR betener er særleg flinke å sortere allereie i dag, korleis kan ein då nå krava om 70-80 prosent innan 2030? Eit tiltak er å sortere ut matavfall/våtorganisk som ein eigen fraksjon.

Ein skal kontinuerleg arbeide for å skyve behandlingsmåten av avfall lengre opp i avfallshierarkiet. Restavfallet i dag vert energiutnytta, men mykje av det som ligg i restavfallsdunken i dag er matavfall og anna som kan verte kompostert. Ved å skilje ut matavfallet og det som kan kompostert vil ein del av innhaldet i restavfallsdunken verte flytta frå energiutnytting og opp eit steg i hierarkiet til materialgjenvinning. Dette krev ein del endringar frå dagens metodar.

SSR har difor innleia eit samarbeid, forankra i styre og representantskap, med dei to andre interkommunale renovasjonsselskapa VØR (Volda Ørsta Reinhaldsverk) og ÅRIM (Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap) for å greie ut korleis vi skal løyse desse utfordringane. Saman har desse tre interkommunale selskapa det lovpålagde ansvaret for å hente inn avfallet på nesten heile Sunnmøre, med eit ansvarsområde på om lag 150 000 innbyggjarar i sine kommunar.

Skal ein ha matavfallet i ein eigen dunk eller skal ein legge matavfallet i bestemte posar som vert lagt i same dunk som restavfallet før det vert utsortert når avfallet er kome til anlegget? Bør det etablerast eit anlegg for sortering og behandling av denne typen

avfall i nærområdet, eller bør avfallet sendast til ein annan stad i Noreg med etablert anlegg for handtering og behandling matavfall?

Dette er nokre av spørsmåla ein må få svar på og finne gode løysingar for både abonnentar og renovatørar/selskap. Det må utgreiast om det å sikre lokal behandling og lokal arbeidskraft er forsvarleg i forhold til pris og miljø. I dag vert restavfallet energigjenvunne lokalt, medan dei andre råvarene som papir, plast-, glas- og metallemballasje vert sendt ut av regionen.

Svara på dei ulike spørsmåla vil påverke kvar og korleis avfallet skal handterast. Dersom ein sorterer matavfallet i eigen dunk, er avfallet stort sett sortert når det vert innhenta. Skal ein legge restavfall og

matavfall i same dunk ved å nytte til dømes forskjellige plastposar, må avfallet sorterast i etterkant på eit anlegg som har optisk sortering. Det finns allereie nokre anlegg som har optisk sortering i Noreg, men ingen som sorterer matavfall i vår region. Skal ein inn på eigarsida av noko vert ein bunden med eit ansvar og ein pris, men ein har god kontroll på avfallet. Dersom ein ikkje går inn på eigarsida står ein friare og anbudsprosessane vil styre kvar avfallet hamnar. Dei ulike alternativa påverkar renovasjonsgebyret til abonnentane, noko som sjølvstøtt er eit viktig tema hjå abonnentane.

VØR, ÅRIM og SSR vil i ei tid framover arbeide med desse utfordringane, men det vil truleg gå fleire år før det kan konkluderast.

Høgdepunkt 2014

Vinnar i returkartonglotteriet

Hanne Myrseth Kvalsund frå Tjørvåg i Herøy kommune vart i februar 2014 trekt ut som vinnar i Returkartonglotteriet, og kunne då feire ein premie på 10 000,- kroner. Lykkeloddet hadde ho sjølv laga av tomme drikkekartongar. SSR gratulerer og takkar for innsatsen!

Sida 1997 har alle som skyl, brettar og stappar drikkekartongar samtidig delteke i Returkartonglotteriet, som blir administrert av Grønt Punkt Norge. Kvar år trekkjast det ut heile 124 vinnarar som deltek ein pott på 1,6 millionar kroner. Denne gongen var det Hanne Myrseth Kvalsund frå Herøy kommune som vann 10 000 kroner.

For å være med i Returkartonglotteriet tek ein seks tome og skylde drikkekartongar som brettast ned i ein open drikkekartong. Dette utgjør ein "kubbe". Korkar og lokk kan godt hengje utanfor. For skulemelk-kartongar gjelder fire tome kartongar i den femte. Deltakar skriv namn og telefonnummer på den dei vil skal vinne på "kubben" og leverer denne i den kommunale innsamlingsordninga.

Strandryddedagen og 17. mai rydding

I 2014 var strandryddedagen den 10. mai. Sekkar og skjema vart levert ut på miljøstasjonane til SSR, og det vart levert skjema som viser at antall kilo rydda er ca. 370 kg og at eit areal på ca. 7,5 km vart rydda for avfall. Det vart dokumentert at størsteparten av avfallet som vart rydda kan sjå ut som det kjem frå hushaldning (333 objekt) med andre plass til fiskerirelatert avfall (184 objekt). Ein fellesnemnar for desse to er at størstedelen av avfallet var udefinerbare plastbitar (privat avfall) og isopor (fiskeriutstyr); heile 55,40% av det innsamla avfallet var plastavfall. Ein stor takk til frivillige, spesielt Leine Krins Grendalag, Småspeidarjentene i Ulstein og Hjørungavåg skule, som stilte opp og tok eit tak for miljøet!

Det vart også arrangert 17.mai-rydding, der grendalag og skular fekk sekkar til å rydde avfall i på dei kommunale og offentlege områda for å sikre ei triveleg 17. mai-feiring. Ein stor takk til dei fire kommunane som hjelpte med utdeling av sekkar, grendalag, skular, barnehagar og frivillige som rydda og gjorde det ryddig før feiringa av nasjonaldagen!

Renovasjonsapp

Smart-telefonar tek meir og meir over, og dei fleste har med seg mobiltelefonane sine omkring og nyttar dei som digital hugseliste i tillegg til å ringe og sende meldingar. SSR og fleire kommunar/renovasjonsselskap har gjennom Norkart fått ordna ein renovasjonsapp der ein vel kommunen ein bur i og legg inn adressa si. Ein vil då få opp tømekalender for når neste henting av avfall er. Ein kan også velje å sette på ein alarm som varslar dagen før slik at ein hugsar å sette ut dunkane for henting.

Appen viser ulike avfallsfraksjonar og kvar ein kan levere desse, kart viser kvar glasigloane er plasserte og der er kart til plassering av miljøstasjonane til SSR.

For å få tak i denne appen, søk opp Min Renovasjon i Apple Store og i Google Play.

Ny krokobil

I samheng med at SSR starta med nedgravde løysingar fekk vi i 2014 også ein ny krokobil. Denne har eit flak som vert dratt på bilen, og på flaket er det ei kasse med kran. Bilen fraktar avfall frå alle våre miljøstasjonar, og hentar inn avfallet frå dei nedgravde løysingane og glasigloane rundt om i kommunane våre.



Besøk frå UUS

Den 24. september var vi så heldige at vi fekk besøk av elevane frå 8. steget på Ulstein Ungdomsskule, med valfaget Design og redesign! Dei fekk omvising og informasjon om selskapet og miljø, før dei plukka med seg metallskrap som dei skal lage noko nytt av. Vi hadde også konkurranse om kven som klarte å gjette nærast talet på totalvekta av klassa.

Den 10. desember var det vår tur til å bli invitert på besøk hjå 8. klassa. Her vart vi varta opp med heimelaga peparkaker og fekk sjå kva dei hadde laga av metallet dei hadde funne. Dei hadde tema dyr og natur, og dei hadde laga både servietthaldar, lysaldarar, smykker med meir! Det har vore eksperimentert med poppnaglar, ulike verkty og vanskeleg materiale, og resultatet er kjempeflotte elevarbeid og meir medvit når det gjeld avfall og ressursar. Takk til elevane ved Design og Redesign og lærar Bente Sæter Eikrem.



Marin forsøpling og mikroplast

Eit aukande problem verda over er avfall som kjem på avvege. Forsøpling, uhell og stor- mar fører til at mengder med diverse avfall endar i innsjøar og hav. Noko av avfallet sekk til botn, anna flyt på overflata medan resten vert skylt opp på land. Problematikken har vorte teken opp av ulike organisasjonar og regjeringar, og er sett på som eit stort inter- nasjonalt problem.

Mesteparten av avfallet er av plast og andre stoff som brukar lang tid på å brytast ned eller ikkje vert nedbrote i det heile. Avfall vert liggande og fører til at dyr set seg fast slik at dei druknar eller dør av svolt. Dette heiter «ghostfishing» eller spøkelsesfiske, og erfaringar gjort av Fiskeridirektoratet viser at fiskegarn kan fortsette å fange dyr og fisk minst 7 år etter dei har blitt mista.

Andre plastgjenstandar som flyt i overflata kan innehalde miljøfarlege stoff som bisfenol A (vert nytta til å lage visse typer plast) og ftalatar (mjukgjearar) i tillegg til å trekke til seg vassavvisande organiske miljøgifter som til dømes PCB, PAH og bromerte flammehemmarar. Plasten vert med tid og UV-stråling brote opp i mindre

bitar som dyr tolkar som mat. Dette fører til at dei vert skada eller dør av kvelning, forgifting eller forstopping.

Spesielt havfuglar er i faresona for å få i seg plastbitar.

Plasten vert til slutt (etter tid med sol, bølger, vår og vind) broten ned til noko ein kallar mikroplast.

Dette er plastbitar som har ein storleik mindre enn 5 mm. Ikkje all mikroplast kjem frå nedbrotten plast i miljøet; det vert nemleg nytta mikroplast i ein del kosmetikkprodukt og anna som til dømes skrubbekremer og tannkrem. Den vert nytta for å gi produkta ein skrubbende effekt;

både på tenner, hud og overflater ein vil vaske. Når du bruker produkta og skyller med vatn fyl mikroplasten vatnet gjennom avlaupssystema og ender til slutt i havet, då rensestasjonane ikkje klarer å skilje ut mikroplasten frå avlaupsvatnet.

Det er funne mikroplast i dyreplankton og andre små organismar, desse vert igjen etne av større dyr og organismar før dei til slutt ender på matfatet vårt.

Kva kan gjerast?

I Noreg vart det 1. juli 2014 krav blant anna om at alle kystkommunane å ha utarbeidd ein felles avfallsplan for hamnene i deira kommune. Er løysingar for handtering av avfall på plass er sjansen mindre for at avfallet kjem på avvege.

Miljødirektoratet laga i 2014 ein rapport om problemet med marin forsøpling. Dette førte til at det vart meir og betre kunnskap om dette.

OSPAR (Oslo-Paris-konvensjonen) har kome med ein handlingsplan for å bekjempe problemet med marin forsøpling på fleire felt. Blant anna minske «søl» av plast- pellets frå plastprodusent til dei som lagar plastprodukta slik at plasten ikkje kjem på avvege, men vert nytta til sitt formål. Vidare arbeid for å fase ut bruken av mikroplast, korleis den marine fiskeindustrien kan hindre at utstyr går tapt og liknande problemstillingar.

Det finst enkle tiltak som alle kan gjere for å minske problemet, det enklaste er å ikkje kaste avfall i naturen og i toalettet. Det er mykje enklare å kaste avfallet på rett plass i utgangspunktet i staden for å rydde opp etter at avfallet har hamna i havet. Kast bomullspinnen i boset, ikkje i toalettet. «Berre» sigarettneipen bruker 1 til 5 år på å brytast opp i havet, og ein drikkehaldar i plast bruker opp til 450 år!



Alt avfall som vert liggande ute og ikkje er sikra kan fort blåse vekk i ein storm og ende opp i havet. Vert det varsla storm, sjekk at alle lause gjenstandar er sikra.

Du kan også vere merksam når du kjøper såpe, kosmetikk og hygieneartiklar; om produktet inneheld mikroplast (dette skal stå i innhaldsbetekninga bak på produktet, sjå etter orda polyetylen (PE), polypropylene (PP), polyethylene terephthalate (PET) eller polymethyl methacrylate (PMMA). Finn eit alternativ som ikkje har desse stoffa i seg. Er produktet merka med miljømerket Svanen, er du garantert at det ikkje er mikroplast i produktet.

Ein kan også delta på ryddeaksjonar, til dømes Strandryddedagen som vert arrangert av Hold Norge Rent kvart år. SSR har dei siste åra vore med på denne aksjonen, og har stilt med sekkar og skjema til frivillige som vil rydde langs strender.

Dei som ryddar, kryssar av og noterar kva type avfall dei finn og antall/mengde i skjemaet Hold Norge Rent har laga, slik får vi informasjon om kva type avfall som dukkar opp på dei ulike strendene i Norge.

I 2014 vart det i SSR sine fire kommunar rydda 370 kg og at eit areal på ca. 7,5 km; av dette var 55,4% plastavfall. Strandryddedagen vert arrangert årleg om våren, dato for ryddedagen vert publisert på nettsida holdnorerent.no og SSR sine Facebook- og nettsider.



Avfallshierarkiet

Avfallshierarkiet er ein illustrasjon av dei nasjonale måla for avfall. Det viktigaste målet i samband med avfall er avfallsreduksjon.


Vi skal arbeide for å minimere mengda avfall. SSR arbeider med dette gjennom informasjon og haldningskapande arbeid.

Dette er det mest utfordrande målet fordi utviklinga i samfunnet med økonomisk vekst og rask utvikling på mange område fører til høgt forbruk og store mengder avfall.

I 2014 hadde vi diverre eit avfallsauke på 21 tonn (totalt 10581 tonn) samanlikna med antall tonn avfall totalt i 2013 (10560 tonn). For å unngå at avfall vert danna, bør ein forsøke å få folk til å nytte seg av gjenbruk; bytt klede og møblar, gje vekk ting du ikkje treng lenger gjennom aviser og nettsider.

Ein kan også tenke kreativt når det gjeld korleis ein nyttar ting; noko som ikkje lengre kan nyttast til sitt opprinnelege formål, kan kanskje gjere nytte for seg som noko anna. Mykje kan også bli som nytt med eit strøk måling.

Når det gjeld ombruk, er det private aktørar som er engasjert i dette. UFF og Freetex har plassert ut konteinere som tek imot kle og sko. Det er også bruktbutikkar i dei ulike kommunane som tek imot brukte ting. Under ser du ein illustrasjon av fordelinga av avfallet som SSR samlar inn med utgangspunkt i avfallspyramiden.



Visste du at aerosolflaska (sprayboka) er ei norsk oppfinning? Sprayboka vart oppfunnen av Erik Rotheim på 1920-talet.

Sprayboksar, barberskum, hårspray og andre boksar med innhald under trykk av drivgass skal sorterast som farleg avfall. Sjølv om boksen er tom, kan den skade renovatøren om det skulle gå hol på ei slik boks under innkjøring i renovasjonsbilen, og skal alltid leverast inn på miljøstasjonen. Sprayboksar som vert nytta til matfett og krem kan også leverast i glasigloen.

Samanheng mellom hushaldningavfall og behandlingssamar



MATERIALGJENVINNING
Plastemballasje 141 tonn
Glas- og metallemballasje 278 tonn
Metall 241 tonn
Farleg avfall 127 tonn
Grein- og hageavfall 2800 tonn
EE-avfall 186 tonn
Papp, papir, kartong og drikkekartong 1770 tonn
Gjenvunne materialer etter energigjenvinning: 988 tonn

ENERGIGJENVINNING
Treverk 62 tonn
Restavfall 3800 tonn
Grovavfall 1074 tonn

DEPONI

OMBRUK

61,8 %
2014: 6539 tonn
2013: 5563 tonn

37,3 %
2014: 3948 tonn
2013: 4917 tonn

0,9 %
2014: 94 tonn
2013: 80 tonn

0%

KG avfall per innbyggjar 2014



HANDSAMING AV AVFALL TAL I TONN	2014	2013	TYPE GJENVINNING	LEVERT TIL	BRUKT TIL (DØME)
Papir, papp, drikkekartong	1770	1500	Material	Rekom/Norsk Gjenvinning / Ranheim	Avispapir/emballasje
EE-avfall	186	169	Material	El-Retur	Metall/plastprodukt/energigjenvinning
Plast	141	141	Material	Grønt Punkt Norge	Plastprodukt
Glas og metallemballasje	278	228	Material	Syklus	Emballasje/isolasjon/metall/glas
Metall	241	201	Material	Div. metallreturfirma / Franzefoss	Metall
Farleg avfall	127	124	Destruksjon/energi	Diverse firma / Franzefoss	Energigjenvinning/glas/metall
Grein og hageavfall	2800	3200	Kompost	Eigenregi	Jordforbetningsmiddel
Materialgjenvunne etter energigjenvinning	988	-	Material		
Til materialgjenvinning totalt	6539	5563			
Treverk	62	72	Energigjenvinning	Tafjord Kraftvarme	Fjernvarme/elektrisitet
Restavfall	3800	3885	Energigjenvinning	Tafjord Kraftvarme	Fjernvarme/elektrisitet
Grovavfall	1074	960	Energigjenvinning	Tafjord Kraftvarme	Fjernvarme/elektrisitet
Til energigjenvinning totalt	3948*	4917			
Deponi	94	80	Deponi/energi	Franzefoss	Deponi
Hushaldningsavfall totalt	10581	10560			

* 20% av avfallet som vert levert til energigjenvinning inneheld ressursar som kan materialgjennvinnast.

1. BAKGRUNN OG FORMÅL MED EIGARMELDINGA

1.1 Styringsdokument.

Styret legg til grunn tre sentrale styrande dokument for arbeidet sitt:

- Selskapsavtale
- Eigarstrategi
- Selskapsstrategi

Eigarmeldinga skal behandlast av representantskapet og framleggast som orientering for eigarkommunane saman med årsrekneskapet.

Meldinga skal rapportere i forhold til gjeldande eigarstrategi og selskapsstrategi, og gi informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, nasjonale føringar, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

2. OPPFØLGING AV MÅL FOR 2014

2.1 Generelt om SSR sine mål

SSR sin visjon, slik den er vedtatt i strategisk plan for 2011 - 2014, er

«Framtidsretta miljøbedrift - til å være stolt av».

Strategisk plan slår fast at SSR skal bidra til at husstandane i eigarkommunane blir mellom dei beste i landet på kjeldesortering og med det bidra til at dei fire eigarkommunane når miljø- og klimamåla sine.

SSR skal tilby ein renovasjonsteneste som møter miljøkrav, er kostnadseffektiv og brukarvennleg.

Selskapet slutfører i 2015 arbeidet med ein ny strategisk plan for selskapet. Gjennom denne skal styret fastsette strategiske mål for realisering av eigarstrategien.

Selskapet sine strategiske mål er mellom anna knytta til økonomi, miljømål og kundetilfredsheit. I tillegg skal selskapet oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektiv drift.

God kundetilfredsheit og godt omdømme er viktig for SSR, og selskapet har lagt ned

mykje arbeid i kontakt med abonnentar og grupper av abonnentar i 2014. Likevel har selskapet eit forbettringspotensiale. Det er tilsett ein ny medarbeidar som får ansvaret for informasjons- og kommunikasjonsarbeidet.

I løpet av første halvår 2015 vil det bli utarbeidd ny kommunikasjonsstrategi for selskapet. Denne vil ha grunnlag i eigarstrategi og strategisk plan. Mellom anna er målet å formidle kunnskap om selskapet sine målsettingar på miljøområdet, kva som skjer med avfallet som blir samla inn og samanhangen mellom servicenivå og prisnivå.

2.3 Faktisk måloppnåing vedr. avfallsmengder (hushaldning):

Fraksjon / fokusområde:	2012	2013	Mål for 2014	2014
A* Total mengde hushaldningsavfall	12 023 tonn	10 560 tonn	10 500 tonn	10 581 tonn
B* Volum / vekt til energigjenvinning (grønedunken)	360 tonn	3800 tonn	3800 tonn	3800 tonn
C* Energigjenvinningsgrad	31,02 %	37,25 %	39,0 %	37,31 %
D* Materialgjenvinningsgrad	68,14 %	61,99 %	60,0 %	61,80 %
E* Til deponi	0,84 %	0,76 %	1,0 %	0,89 %
F* Farleg avfall / spesialavfall pr. innbyggjar	3 kg	5 kg	5 kg	5,1 kg
G* Grein- og hageavfall	5000 tonn	3200 tonn	3200 tonn	2800 tonn
H* Avfall pr. innbyggjar	494 kg	422 kg	420 kg	423 kg

A* = Total mengde hushaldningsavfall for heile SSR-regionen. Målet er avfallsreduksjon, men dette kan vere utfordrande med bakgrunn i høg levestandard og høgt forbruk - velstand.

B* = Lvert hushaldningsavfall til Tafjord Kraftvarme AS (Grautneset).

C* = Energigjenvinningsgrad (av total mengde hushaldningsavfall). 20 % av det som går til Tafjord Kraftvarme AS går til materialgjenvinning.

D* = Materialgjenvinningsgrad (av total mengde hushaldningsavfall). 20 % frå av mengda frå energigjenvinninga går til materialgjenvinning.

Eksempel på dette er metall. Ombruk kjem også inn under denne kategorien.

Måltal for kundetilfredsheit:

	2012	2013	2014
Kundetilfredsheit	62 %	67 %	66 %

Målet er at grada av kundetilfredsheit skal auke for kvart år framover. For å nå målet må selskapet satse ytterlegare på informasjon. Kundeundersøkingane syner at det er mange mistydingar ute blant abonnentane. Ny kommunikasjonsstrategi må på plass, og ny medarbeidar vil bruke mykje tid på dette området.

2.2 Resultatmål

Basert på dette er det definert resultatmål innanfor følgjande område:

- Energigjenvinningsgrad og materialgjenvinningsgrad.
- Deponeringsgrad og mengde farleg avfall pr. innbyggjar.
- Avfallsreduksjon og kundetilfredsheit.

I tillegg skal selskapet:

- Ha ei synleg og aktiv rolle som samfunnsaktør.
- Bidra til at kommunane når klimamåla sine.
- Levere ei kostnadseffektiv teneste til konkurransedyktige prisar.
- Sørge for auka kundetilfredsheit gjennom konkrete tiltak.

2.4 Oppsummering måloppnåing

SSR er tilfredse med resultatet innanfor det som går på deponi. Men selskapet har enno mykje å hente på det som går på materialgjenvinning. Viktigaste tiltaket for å auke grada av dette er nok å vurdere utsortering av matavfall (våtorganisk avfall).

Mengda greinavfall er også ganske høgt i vårt område og dette påverkar naturleg nok materialgjenvinningsgrada positivt, men volumendringane gjer også at ein får store utslag på måleparametera kvart år.

Selskapet har enno eit stykke igjen til målet for kundetilfredsheit blir nådd. Dette kan ha ulike årsaker, t.d. negativ medieomtale, som vi ser slår ut i ein del slike målingar. Svaret må nok bli auka satsing på kommunikasjon med abonnentar og andre interessentar, sidan det enno er mange mistydingar om det selskapet arbeider med.

3. SPESIELLE FORHOLD I 2014

3.1 Driftsåret 2014

Også 2014 har økonomisk og driftsmessig vore eit særst godt år for SSR, og ein har fått eit solid sjølvkostfond på hushaldning. Det gir selskapet meir handlefriheit, og det blir viktig med tanke på framtida og planlagde utbyggingar og endringar i henteordningar.

Snøfattige vintrar er også eit pluss for drifta av selskapet, sjølv om mykje vind tidvis kan vere utfordrande både for abonnentane og for selskapet.

4. PLANLAGDE ENDRINGAR

4.1 Nytt hovudanlegg for selskapet

Selskapet arbeider vidare med planene om utbygging av selskapet sine anlegg. Strukturelle endringar i avfallsbransjen, spesielt med tanke på innhentingssaksjonar og nedstrømsløyser, i tillegg til nasjonale og internasjonale krav, gjer at selskapet er nøydde til å tenke nytt i åra som kjem. Debatten og utgreiningane om anlegg og miljøstasjonar vil naturleg nok også handle om viktige element som lokalisering, effektivisering og tilbodet generelt til abonnentane.

4.2 Kommunikasjon og utadretta arbeid

Som nemnt i punkt 3.1 må arbeidet med kommunikasjon og informasjon prioriterast høgt i åra som kjem. Stikkord er tømekalendaren, som er populær, og utvikle vidare elektronisk kommunikasjon - i tillegg til synlegheit og proaktivitet.

4.3 Diverse forhold

Rydeaksjonar, ruter for innhenting av grovavfall og samarbeid med grendalag og velforeiningar er under vidare vurdering og må også sjåast i samanheng med det generelle servicenivået. Service- og tenestenivået heng tett saman med prisnivået og desse må heile tida sjåast i samanheng.

Eit anna viktig element er henteordningar kontra bringeordningar. Tendensar på landsbasis kan tyde på at det blir fleire fraksjonar med henting heime hos abonnentane, og nedgravde løysingar er allereie på full veg inn også i området vårt.

Det blir også kontinuerlig jobba med å finne nedstrømsløyser som gir dei beste løysingane med tanke på kostnadseffektivitet og miljø. Ein del av dette kan kanskje utviklast saman med andre selskap i same bransje.

5. DIALOG MED EIGARANE

5.1 Dialog med eigarane skjer i ulike formelle og uformelle fora og møter

Representantskapet

Det er halde 2 møter i representantskapet i 2014. Leiar i representantskapet i 2014 har vore Knut Erik Engh, varaordførar i Ulstein kommune. Styreleiar har løpande kontakt med leiar av representantskapet i viktige saker.

Andre møter

I samband med budsjettering og andre aktuelle saker som skal utførast i kommunane, vert det etter behov halde møter med aktuelle kommunar. Frå SSR møter normalt dagleg leiar, men ved spesielle saker kan andre representantar frå administrasjonen møte så vel som frå styret.

Kommunene sine klimaplaner

I vurderingar av SSR sine prioriteringar og satsingsområde, er det naturleg å bruke eigarkommunene sine klimaplaner som ei rettesnor for vegen vidare. Ein har kome lengst i arbeidet med informasjonsdelen ut i frå kommunene sine tiltakslistar, men også andre område er under kontinuerlig vurdering i det daglege arbeidet. Eksempel på dette er arbeidet med avfallsreduksjon (som kan vere utfordrande i ei tid der avfallsmengdene aukar), materialgjenvinning av plast, returpunkt og innføring av nedgravde løysingar (som minkar transportbehovet).

6. VERKSEMDA I ÅRA SOM KJEM

EU - og dermed Norge - har eit mål om å kome opp i 70 - 80 % materialgjenvinning / ombruk før år 2030.

Det vil krevje stor grad av omstillingsevne hos selskapet - og ikkje minst til hushaldningane si atferd og eigarskap til det selskapet arbeider med.

Mykje tyder på at det vil bli henta inn nye fraksjonar som mat/våtorganisk avfall heime hos hushaldningane. I tillegg vil det bli viktig å få tekstilfraksjonen inn i statistikkane og få til ei enda større satsing på hageavfall.

Eit område selskapet må bli endå betre på er kommunikasjon, spesielt i forhold til abonnentane, og dette er noko som må prioriterast endå høgare i åra som kjem. Eit trekk er at tradisjonelle kanalar ser ut til å bli mindre og mindre aktuelle som informasjonskanalar for abonnentane våre. Meir informasjon bør ut elektronisk (sms, renovasjonsapp) og / eller via selskapet sine nettsider - i tillegg til at den årlege kundeundersøkinga også syner at tømekalendaren endå er særst populær som informasjonskanal.

1. STYRET SI SAMANSETTING

Styret har i 2014 bestått av:

George Fulford, styreleiar
Einar Warholm, nestleiar
Gro Anita Engh, styremedlem
Helga Longva Dyrhol, styremedlem (fram til mai 2014)
Håkon Vestnes, styremedlem (frå mai 2014)
Edel Kvalsund Goksøy, styremedlem
Margaret Leinebø, styremedlem (frå mai 2014)
Ole Andreas Sæther, styremedlem, valgt av og blant dei tilsette

Det har vore 9 styremøter og 53 saker er behandla i 2014.

2. VERKSEMDA OG OPPSUMMERING

Selskapet driv miljøretta innsamling, transport og sortering av avfall frå hushaldningar. Vidare driv selskapet avgrensa og tilsvarande verksemd mot næringslivet - der dette er hensiktsmessig for å realisere selskapet sine strategiske mål.

Årets resultat er på 5.716.546 kroner. Styret er tilfredse med dette resultatet.

Sjølvcostfondet har auka gjennom resultatet for 2014. Sjølvcostfondet er ved årsskiftet i pluss med kr 10.845.000. Dette fondet vil kome abonnentane til gode ved at selskapet i åra som kjem kan tilby effektive og miljømessige tenester til kundane, og også at selskapet står godt rusta til å gjennomføre dei store planlagde investeringane dei komande åra. Desse investeringane er særleg knytta til miljøstasjonar og nye løysingar.

For å sikre jamnare og meir forutsigbar utvikling, har selskapet i 2014 endra prinsipp for rekneskapsføring av pensjon - og i tråd med god rekneskapskikk for små føretak.

3. REPRESENTANTSKAP

Representantskapet består av politisk valgte representantar frå kvar av dei 4 eigarkommunane. Knut Erik Engh er leiar av representantskapet. Det har vore 2 møter i representantskapet i 2014. Selskapet har, utover formelle møter, løpande og god kontakt med selskapet sine eigarar.

4. EIGARFORHOLD, SELSKAPSFORM OG FORMÅL

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS (SSR) er organisert som eit interkommunalt selskap. Selskapet er eigd av kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein.

Selskapet skal oppfylle kommunane sine plikter knytta til hushaldningsavfall etter forureiningslova og gjeldande selskapsavtale. Dette inneber at SSR skal ivareta dei praktiske oppgåvene rundt avfallshandtering og slam som kommunane er pålagde i forureiningslova. SSR skal bidra til å bevare eit fysisk miljø i regionen som er reint og helsemessig forsvarleg, og som oppfyller kommunane sine plikter knytt til avfall etter forureiningslova.

SSR utøver si verksemd med utgangspunkt i Saunesmarka i Ulstein kommune, men utfører elles det praktiske arbeidet med innhenting av avfall over heile området.

Selskapet vil i 2015 slutføre arbeidet med ny strategisk plan for selskapet. Noverande visjon er «Framtidsretta miljøbedrift - til å vere stolt av». Gjennom strategisk plan har styret fastsett strategiske mål for realisering av eigarstrategien. Selskapet skal oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall. Selskapet sine strategiske mål er mellom anna knytta til økonomi, miljømål og kundetilfredsheit. Selskapet legg også vekt på å balansere målstyring og ønskjer å optimalisere forholdet mellom miljø, abonnentar og kostnader.

Selskapet sine strategiske mål er:

- Selskapet skal stå for miljøretta innsamling, transport og sortering av avfall frå hushaldningar. Det omfattar mottak, sortering og gjenvinning av avfall.
- Selskapet skal forvalte enkle og kvalitetsmessig tilfredsstillande løysingar for abonnentane.
- Selskapet skal søke å realisere eigarane sine miljømål og klimaplaner ved at verksemda er basert på avfallsførebygging i høve til avfallshierarkiet.

- Selskapet skal realisere eit brukarvennleg avfallssystem.
- Selskapet skal vere ein synleg samfunnsaktør som gjennom kommunikasjon skal vere ein tydeleg haldningssskapar i avfalls-, miljø- og klimarelaterte spørsmål i eigarkommunene.

God kundetilfredsheit og godt omdøme er viktig for SSR. Selskapet har lagt ned mykje arbeid i kontakt med abonnentar og grupper av abonnentar i 2014, men ein har enno eit forbetningspotensiale - og situasjonen har ikkje vore tilfredsstillande verken for abonnentane eller selskapet. Det er tilsett ny medarbeidar som får ansvaret for informasjons- og kommunikasjonsarbeidet. Det vil i løpet av første halvår bli utarbeidd nye kommunikasjonsstrategi for selskapet med grunnlag i eigarstrategi og strategisk plan. Målet er mellom anna å formidle kunnskap om kjeldesortering og kor den avfallet hamnar - i tillegg til å formidle kunnskap om avfall som ressurs. Dette er nødvendig for å realisere stadig aukande nasjonale krav til innsamling og behandling av avfall.

5. SELSKAPET SI VERKSEMD I 2014

I dei 4 eigarkommunane er det rundt 25 000 innbyggjarar, rundt 10 000 privatabonnentar, 31 returpunkt for glas- og metall (der fleire av desse returpunkta har fleire glasigloar), 3 miljøstasjonar og 3 greinplassar.

SSR syter sjølv for produksjon av tenestene og har bygd opp eit renovasjonstilbod til husstandane. Dette er selskapet si kjerneverksemd. Ansvaret for renovasjon omfattar innsamling, transport og avsetning av hushaldningsavfall i eigarkommunane frå husstandar, returpunkt og miljøstasjonar.

Selskapet sitt tilbod omfattar også innsamling, transport og avsetning av næringsavfall i avgrensa omfang. Selskapet driv denne verksemda primært fordi denne tenesta inneber ein gunstig påverknad på selskapet si verksemd. Dette medfører lågare priser for tenestene, ikkje minst på grunnlag av meir effektiv bruk av selskapet sine driftsmiddel.

Styret har også i 2014 vidareført arbeidet med å forbetre og trygge selskapet si kjerneverksemd.

Selskapet vil legge fram for representantskapet forslag til ny strategisk plan i løpet av 2015. Denne planen vil få ein offensiv innfallsvinkel for å fastsette tenesteinnhald til neste generasjon SSR.

6. FØRESETNAD FOR VIDARE DRIFT

Føresetnaden for vidare drift er til stades og årsrekneskapsen for 2014 er satt opp under denne føresetnaden.

Omfanget av næringskundar omfattar etter styret si vurdering ingen økonomisk risiko av betydning.

Rekneskapsføring knytta til næringskundar vert halde åtskilt frå sjølvcostrekneskapsen for hushaldningkundar. Det same gjeld for den delen som handlar om slamtøming.

7. ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

Selskapet sysselsette i 2014 27 årsverk, det same som i 2013. Dette er fordelt på 26 fast tilsette og vikariat for å dekke opp for sjukdom, ferie og anna fråver. I desse tala ligg det også inntak av midlertidig arbeidskraft på grunn av store avfallsmengder, ferieavvikling, etc. Den daglege drifta er underlagt dagleg leiar Einar Heimdal.

SSR kjøper bedriftshelseteneste hos Stamina Helse AS. Desse er involvert i arbeidet med endringar og forbetringar saman med og i dialog med leinga og tillitsvalde / verneombod - i tillegg til det vanlege bedriftshelsetenestearbeidet.

Totalt sjukefråver utgjør 9,11 % (12,29 % i 2013). 2,05 % (2,25 % i 2013) av dette er korttidsfråver (eigenmeldingar). Langtidsfråveret (7,06 %) er ikkje tilfredsstillande. SSR har i 2014 ikkje hatt alvorlege personskader knytta til selskapet si verksemd. Styret er tilfredse med korttidsfråveret, men langtidsfråveret er for høgt og skuldast primært langtids-sjukemeldingar grunna slitasjeskader. Styret vurderer kontinuerlig tiltak for å redusere sjukefråveret og vil saman med Stamina

Helse AS følge opp med konkrete tiltak i 2015.

Selskapet arbeider kontinuerleg med kompetanseutvikling av selskapet sine medarbeidarar. Selskapet legg til grunn at det skal vere likestilling mellom kjønna og det praktiserast lik lønn for likt arbeid, der ein tek omsyn til alder og erfaring. Av styret sine 7 medlemmer er 3 kvinner. Av selskapet sine 5 medlemmer av leiargruppa er 2 kvinner. Det er ei målsetting at det skal vere full likestilling mellom kvinner og menn i SSR. Renovasjonsarbeidet har tradisjonelt vore eit mannsdominert yrke, spesielt ute på bilane, og dette har ført til at delen kvinner ikkje er så stor som ein kunne ønske. Styret ønskjer å auke kvinneandelen også på innhentingdelen.

Det er ikkje satt i verk spesielle tiltak i samband med likestilling.

8. YTRE MILJØ OG MILJØRAPPORTERING

Kontordrifta forureinar ikkje det ytre miljø.

Som ansvarleg for å levere renovasjonstenester til rundt 10 000 husstandar er det eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet. Selskapet prøver å legge opp gode og rasjonelle transportløysingar der miljøomsyn er tillagt stor vekt.

Sluttbehandling av den totale innsamla avfallsmengda skjer på ein miljømessig forsvarleg måte, og etter gjeldande lover og reglar på området.

Gjennom aktivt å søke å realisere dei generelle miljømåla som eigarar og samfunn set for selskapet si verksemd, mellom anna ved systematisk å vidareutvikle ei moderne ordning for kjeldesortering, meiner styret at gjeldande krav til miljø og forureining er tatt hand om. Selskapet har også i 2014 sendt ut sorteringskalendar for 2015. Denne skal medverke både til betre kjeldesortering og som viktig informasjon til abonnentane.

Når det gjeld miljø og samfunnsansvar, så forureinar selskapet i avgrensa grad det ytre miljøet med verksemda. Selskapet

opptrer ansvarleg innanfor område som arbeidsgivarpolitikk, etikk og deltaking i kunnskapsutvikling og utviklingstiltak.

Selskapet arbeider aktivt for å fremme likestilling, sikre like mulegheiter og rettigheter, og dermed hindre diskriminering. Selskapet ønskjer på den måten å oppfylle diskrimineringslova sin intensjon og formålet der, så langt som selskapet kan påverke dette.

9. ÅRSREKNEKAP OG FINANSIELL RISIKO.

Sum driftsinntekter utgjør kr 44.384.917. Det gode resultatet skuldast auke i inntektene og god kontroll på driftskostnadene.

Driftsinntektene utgjør gebyr som vert betalt av den enkelte abonnent i dei fire eigarkommunene. Inntekt frå næringsverksemda utgjør ca kr 5.993.000 og ca kr 3.743.000 kjem frå slamtøming (som er eit nullspel og ikkje tatt med i renovasjonsrekneskapsen).

Årsrekneskapsen for 2014 er gjort opp med eit driftsresultat på kr 5.584.570,- og eit årsresultat etter finans på kr 5.716.546,-.

Resultatet for hushaldningsrekneskapsen syner eit overskot på kr 4.871.000,-, medan overskotet for næringsverksemda utgjørde kr 845.546,-.

Styret føreslår at overskotet for næringsverksemda vert overført til dekning av tidlegare udekkta tap.

Eit sjølvcostfond skal hindre store prisutslag frå år til år og skal gå i balanse over 3-5 år. Renovasjonsgebyret skal dekke alle kostnader med innhenting og avfallshandtering for hushaldningane.

Selskapet hadde pr 31.12.13 eit positivt sjølvcostfond på kr 3.152.000,-. Det vil seie at innbyggjarane i dei fire kommunene hadde dette til gode. Med eit overskot på hushaldningsdelen i 2014 på kr 4.871.000, og i tillegg ei tilbakeføring av pensjonsmidlar (jfr. side 1), har ein pr. 31.12.2014 eit sjølvcostfond i pluss med kr 10.845.000. Styret er godt tilfredse med denne utviklinga, og fondet har no ein storleik som styret finn rimeleg.

Selskapet har god likviditet.

Etter styret si oppfatning gir det framlagde resultatrekneskapet og balanse med tilhørende notar god informasjon om drifta og stillinga ved årsskiftet.

Det er heller ikkje kome inn forhold etter årsskiftet som har betydning for bedømminga av årsrekneskapet for 2014.

Styret vurderer at selskapet si økonomiske og finansielle stilling er tilfredsstillande. Styret meiner at årsrekneskapet gir eit rett bilde av selskapet sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Styret meiner at den forretningsmessige og finansielle risikoen for selskapet si verksemd er lav. Det er då også lagt vekt på selskapsforma som inneber at selskapet sine eigarar har ansvar for selskapet sine plikter.

10. FRAMTIDSUTSIKTER

Styret vil i 2015 arbeide vidare med å realisere selskapet sine målsettingar og eigarane sine forventningar. Ny strategisk plan vil bli eit viktig verkemiddel i dette. I den nye planen vil også nye nasjonale og internasjonale føringar bli tillagt stor vekt, samt at det er eit ønske om å synleggjere krav til «Neste generasjon SSR» med omsyn til effektivitet, kundetilfredsheit og miljø.

Styret vil i 2015 prioritere tiltak som gir auka kundetilfredsheit og betre omdøme.

Selskapet vil også ytterlegare styrke arbeidet med å vere ein positiv samfunnsaktør innan det miljøretta arbeidet. Dette er mellom anna tenkt gjennom auka satsing på informasjon og anna utadretta arbeid.

Selskapet vil i 2015 og 2016 stå overfor store investeringar ved bygging av nye miljøstasjonar. Dette vil stille store krav til prosjektstyring og kostnadseffektivitet. Styret meiner at selskapet både kompetansemessig og kapitalmessig står godt rusta til å gjennomføre byggeprosjekta på ein tilfredsstillande måte.

11. EIGARSTYRING OG LEIING AV SELSKAPET

SSR forvaltar og driftar ei lovpålagt verksemd på vegne av eigarkommunene. Denne verksemda er i stor grad underlagt nasjonale og internasjonale krav. Dette er rammebetingelsar som selskapet i lita grad kan påverke.

Selskapet sin organisasjon og leiging vert i dag vurdert som tilfredsstillende sett opp mot selskapet si verksemd.

12. ARBEIDSÅRET 2014

Styret vil rette ein takk til selskapet sine medarbeidarar. 2014 har, i periodar, vore krevande for dei tilsette på grunn av krav til omstilling og fordi verksemda berører mange.

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2014	2013
Salsinntekt		44 283 026	44 123 409
Anna driftsinntekt		101 891	1 558 541
Sum driftsinntekter		44 384 917	45 681 950
Varekostnad		11 342 451	12 299 277
Lønskostnad	2, 3	14 780 069	13 821 977
Ordinær avskrivning	5	2 412 117	2 162 436
Nedskrivning	5	338 414	1 418 995
Annan driftskostnad	2, 6	9 927 296	10 460 000
Sum driftskostnader		38 800 347	40 162 686
Driftsresultat		5 584 570	5 519 264
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		533 053	191 471
Anna finansinntekt		10 983	22 105
Anna rentekostnad		412 059	535 068
Resultat av finanspostar	14	131 977	-321 492
Ordinært resultat før skattekostnad		5 716 546	5 197 772
Årsresultat	10, 11	5 716 546	5 197 772
Overføring			
Avsett til dekning av tidligare udekt tap		845 546	1 685 772
Avsett til sjølvkostfond		4 871 000	3 512 000
Sum overføringar	10, 11	5 716 546	5 197 772

Ulsteinvik, 11. mars 2015


George Fullford
styreleiar


Einar Warholm
nestleiar


Gro Anita Engh


Edel Kvalsund Gokseyr


Margarete Leinebo


Håkon Vestnes


Ole Andreas Sæther


Einar Heimdal
dagleg leiar

EIGEDELAR	Note	2014	2013
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigedeler			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	5	12 695 072	13 635 079
Maskinar og anlegg	5	7 144 580	3 632 546
Driftslausøyre, inventar, verktoy, kontormaskinar	5	3 152 088	4 221 784
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og partar		409 291	372 681
Sum anleggsmiddel		23 401 031	21 862 090
Omløpsmiddel			
Kundefordringar		5 634 244	4 271 235
Andre kortsiktige fordringar		2 460 271	1 198 374
Investeringar			
Bankinnskott, kontantar og liknande			
Bankinnskott, kontantar og liknande	4	3 536 891	2 336 715
Sum omløpsmiddel		11 631 406	7 806 325
Sum eigedelar		35 032 437	29 668 414
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Opptent eigenkapital			
Udekt tap		-890 732	-1 736 279
Sum eigenkapital	11, 12	-890 732	-1 736 279
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Andre avsetjingar for plikter	9	942 172	1 208 299
Øvrig langsiktig gjeld			
Pantelån	7, 13	16 766 490	17 522 830
Sum anna langsiktig gjeld		17 708 662	18 731 129
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		3 742 456	2 738 696
Skyldige offentlege avgifter		1 112 264	1 029 607
Sjølvkostfond	10	10 845 000	5 974 000
Anna kortsiktig gjeld	10	2 514 788	2 931 262
Sum kortsiktig gjeld		18 214 507	12 673 564
Sum gjeld		35 923 169	31 404 693
Sum eigenkapital og gjeld		35 032 437	29 668 414

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapa er satt opp i samsvar med reknekaplova, lov om interkommunale selskap og God rekneskapskikk for små føretak.

Leiinga har brukt estimat og føresetnadar som har påverka resultatrekneskapa og verdsettinga av eigedelar og gjeld, samt usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapa i samsvar med god rekneskapskikk.

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester inntektsføres i takt med utføringa.

Anleggsmiddel omfattar eigedelar bestemt til varig eige og bruk. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmiddel balanseføres og avskrivast over driftsmiddelet si økonomiske levetid.

Varige driftsmiddel nedskrivast til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventast ikkje å vere forbigåande. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av nettosalverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av framtidige kontantstaumar knytta til eigedelen. Nedskrivninga reverserast når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er tilstades.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter anskaffelsestidspunktet, samt postar som er knytt til varekretsløpet. Omløpsmiddel vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Kundefordringar og andre fordringar oppføres til pålydande etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. Legalpanten høyrer til kvar av eigarkommunane og vil tre i kraft dersom ein ikkje klarer å krevje inn gebyra ein har til gode mot hushaldningskundar på vanleg måte.

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytt til næringskundar. Skattekostnaden i rekneskapa omfattar betalbar skatt i perioden.

Selskapet har frå 01.01.2014 endra prinsipp for rekneskapsføring av pensjonskostnadar og pensjonsforpliktingar. Frå dette tidspunktet har ein i rekneskapa tilbakeført den tidlegare rekneskapsførte pensjonsforpliktinga mot eigenkapital og sjølvkostfond. Selskapet vil i framtida berre kostnadsføre innbetalingane til ytelsesbasert pensjonsordning og ikkje lenger balanseføre framtidig forplikting. I samband med prinsippendringa er samanlikningstala (2013) endra i samsvar med dette.

Verksemda som er knytt opp mot hushaldningskundane er regulert av Forureiningslova. I henhold til Forureiningslova § 34 skal kostnadane for desse kundane dekkast fullt ut gjennom gebyrinntektene. I henhold til retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester utgitt av Kommunal- og Regionaldepartementet, kan over- eller underskot framføres innanfor eit 3- til 5- års perspektiv for å utjevne svingningar i inntekter og kostnadar. Det utarbeidast særskilt sjølvkostrekneskap. I balansen klassifiserast akkumulert over- og underskot henholdsvis som kortsiktig gjeld og kortsiktig fordring.

Rekneskapsprinsippa er for øvrig nærare omtalt i tilhøyrande notar til dei enkelte rekneskapspostane.

Ulsteinvik, den
Styret i Sode Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

George Harold Fullford
Styreleiar

Einar Hermann Kristoffer Warholm
Nestleiar

Gro Anita Engli
Styremedlem

Edel Kvalsund Goksøy
Styremedlem

Ole Andreas Sæther
Styremedlem

Håkon Vestnes
Styremedlem

Margareth Leinebo
Styremedlem

Einar Helmsdal
Dagleg leiar

NOTE 2 LØNSKOSTNADAR, ANTALL ÅRSVERK, GODTGJERSLE M.M.**Revisor**

Det er i 2014 kostnadsført kr. 85 000,- (eks. mva) i ordinært revisjonshonorar og kr. 79 500,- (eks. mva) vedrørende andre tenester levert av revisor.

Lønskostnader		2014	2013
Løn		11 128 387	10 623 370
Arbeidsgivaravgift		1 819 750	1 684 311
Pensjonskostnader		1 413 877	1 252 414
Andre lønsrelaterte ytingar		418 055	261 882
Sum		14 780 069	13 821 977
Antall årsverk sysselsatt		27	27
Ytingar til leilande personar	Daglig leiar	Styret	Repr. skap
Løn	735 717		
Pensjonskostnader	14 925		
Andre godtgjersler	5 736	236 450	25 102
Sum	756 378	236 450	25 102

NOTE 3 PENSJONSKOSTNADAR, -MIDLAR, -FORPLIKTINGAR

Selskapet er forplikt til å ha pensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet sine pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lov. Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte i KLP Forsikring. Den offentlege tenestepensjonsordninga gir ved full opptening ein alderspensjon som saman med folketrygda sine ytingar utgjør ein samla pensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Føretaket har også offentleg AFP-ordning for dei ansatte.

inneber at innbetalt pensjonspremie blir årets kostnad i rekneskapet. Dei tidlegare resultatførte pensjonsforpliktingane i balansen kr 3 319 501,- blir ført tilbake til og mot sjølvkostfondet med kr 2 822 000,- og eigenkapitalen med kr 497 501,- - uti i frå den fordelingsnøkkelen som blir brukt på personalkostnader.

Framtidig pensjonspremie vil påvirkast av avkastning, lønsvekst og utvikling i folketrygda sitt grunnbeløp.

Selskapet har pensjonsordningar som omfattar i alt 25 aktive personar og 12 pensjonistar pr 31.12.2014. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av antall oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktingane er dekkja gjennom eit forsikringsselskap.

Med bakgrunn i uforutsigbarheit, store årlege svingningar, ei planendring i 2014 og mulege store framtidige endringar som kan endre resultatet negativt, er det føretatt ei prinsippendring i måten selskapet tar inn pensjonskostnadene i rekneskapet. Det nye måten, som er den vanlege måten å føre slike kostnader på for små føretak,

NOTE 3 PENSJONSKOSTNADAR, -MIDLAR, -FORPLIKTINGAR FORTS.

	2014	2013*
Netto pensjonskostnad	1 413 877	1 499 217
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga		701 731
Forventa avkastning av pensjonsmidlar		-477 341
Administrasjonskostnader		69 137
Resultatført estimatavvik		4 511
Arbeidsgivaravgift		266 599
Resultatført planendring		-
Netto pensjonskostnad	2 161 886	2 092 099
Berekna pensjonsforpliktingar pr 31.12	22 312 843	20 821 004
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) pr 31.12	-14 555 086	-13 142 431
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	-6 915 910	-5 441 751
Arbeidsgivaravgift	1 093 844	1 082 679
Netto pensjonsforpliktingar (ikkje balanseført)	1 935 691	3 319 501

De aktuararvige føresetnadane er basert på vanlege nytta føresetnader innan forsikring når det gjeld demografiske faktorar.

* Tal for 2013 er dei same som vart nytta i årsrekneskapen for 2013 og er ikkje omarbeid.

NOTE 4 BUNDNE MIDLAR

Av bankinnskott vedrører kr. 600.658,- innskott på skattetrekkkonto.

NOTE 5 VARIGE DRIFTSMIDLAR - FINANSIERING

	Tomter, bygningar m.m.	Maskiner, anlegg, bilar, m.m.	Driftsløsøre, inventar, kontorm.	Sum
Anskaffingskost 1.1	22 321 357	12 088 211	9 496 981	43 906 549
Tilgang kjøpte driftmidlar	23 534	4 684 450		4 707 984
Avgang til anskaffingskost	-975	-618 000	-	-618 975
Anskaffingskost 31.12	22 343 916	16 154 661	9 496 981	47 995 558
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12	-8 142 895	-8 803 414	-6 200 102	-23 146 411
Akkumulerte nedskrivningar pr. 31.12	-1 505 949	-206 667	-144 793	-1 857 409
Bokført verdi pr. 31.12.	12 695 072	7 144 580	3 152 088	22 991 740
Årets avskrivningar	875 610	611 603	924 904	2 412 117
Årets nedskrivningar	86 954	106 667	144 793	338 414
Økonomisk levetid	0-50 år	3-10 år	5-10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	
Langsiktig finansiering pr. 01.01.				17 522 830
Opptak nye langsiktige lån				-
Betalte avdrag i år				-756 340
Langsiktig finansiering pr. 31.12.				16 766 490

NOTE 6 LEIGE DRIFTSMIDLAR

Løpande leasingavtalar på vesentlege driftsmiddel pr 31.12.:

Type	Avtala inngått	Avtala utgår	Årets kostnad
Man lastebil UF 47195	okt.10	okt.15	446 292
Man lastebil UF 47524	nov.10	nov.15	455 825
Scania lastebil UF 53466	mar.12	mar.17	367 431
Scania lastebil UF 53467	mar.12	mar.17	367 431
Sum			1 636 979

Det er ikkje forskuddsleige for nokon av leigeobjekta.

NOTE 7 LANGSIKTIG GJELD

Gjeld som forfell meir enn 5 år etter rekningsårets slutt :

	2014	2013
Gjeld til kredittinstitusjonar	12 985 000	13 544 000
Sum	12 985 000	13 544 000

NOTE 8 SKATTAR

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytta til næringskundar.

Skattar vert kostnadsført når dei påløper, det vil seie at kostnaden er knytta til det rekneskapsmessige resultat før skatt. Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på årets skattepliktige inntekt) og endring i netto utsatt skatt. Skattekostnaden fordelast på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære poster i henhold til skattegrunnlaget.

NOTE 8 SKATTAR FORTS.

Oversikt over midlertidige forskjellar:

	2014	2013
Skattemessig underskot til framføring	-431 618	-1 114 587
Sum midlertidige forskjellar og underskot til framføring	-431 618	-1 114 587
Utsatt skattefordel	116 537	300 938
Anvendt skattesats	27 %	27 %

Utsatt skattefordel pr. 31.12.2014 er ikkje balanseført i henhold til God Regnskapsskikk for små foretak.

Nedanfor er det gitt ein spesifikasjon over forskjellen mellom det rekneskapsmessige resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag.

	2014	2013
Resultat næringsverksemd før skattekostnad	920 033	1 623 169
Permanente forskjellar	-237 065	-1 384
Årets skattegrunnlag før underskot til framføring	682 968	1 621 785
Anvendning av skattemessig underskot	-682 968	-1 621 785
Årets skattegrunnlag	-	-

Skattekostnaden i rekneskapet består av følgjande poster:

	2014	2013
Betalbar skatt	-	-
Endring utsatt skatt	-	-
Årets skattekostnad	-	-

NOTE 9 AVSETNING FOR FRAMTIDIGE FORPLIKTINGAR FOR DEPONI

Selskapet har i henhold til Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall § 9-15, forpliktingar knytta til framtidige miljøkrav relatert til sikring av deponi og anlegg, i ein periode etter at verksemda ved deponiet er avvikla. Selskapet har slike forpliktingar knytta til det nedlagte deponiet på Eidet i Hareid kommune.

Det er lagt til grunn at etterdriftsansvaret omfatta ei periode på 30 år rekna frå tidspunkt for avvikling av deponiet. Drifta av deponiet blei avvikla i 2009 og restperioda for etterdriftsansvaret pr. 31.12.2014 er 25 år. Det er vesentleg usikkerheit knytta til omfanget av kostnader til det framtidige ansvaret for deponiet. Avsatt beløp i balanse gir uttrykk for leiinga sitt beste estimat på tidspunktet for avlegging av årsrekneskap for 2014.

Avsetninga blei første gang estimert av ekstern konsulent i mai 2009 til kr 2,3 mill., og forventna kostnader for gjenværande etterdriftsperiode er balanseført som langsiktig avsetning for forpliktingar i balansen.

Frå og med 2013 har selskapet starta anna økonomisk verksemd på deponiområdet, denne verksemda er ikkje på sjølve deponiet, men kun på deponiområdet. Verksemda omfatta ein del verksemd knytta til handtering av rejectvatn frå slamtøming og handtering av hage- og greinavfall for kommunane Hareid og Ulstein. Inntektene frå denne verksemda, saman med tidlegare avsetning, er pr. 31.12. kalkulert til å vere nok til å dekke kostnadene med etterdrifta av deponiet fram til 2039. Dei nemnde inntektene vil kome frå og med rekneskapsåret 2014. Det kan vere naturleg å føreta ein etterkalkulasjon om nokre år.

	2014	2013
Avsetning frå tidlegare år	1 208 299	1 369 568
Medgåtte kostnader i året	-452 022	-161 269
Auka avsetning i året	185 895	-
Avsetning 31.12.	942 172	1 208 299

NOTE 10 SJØLVKOSTFOND OG MELLOMREKNING MOT EIGARANE

Sjølvkostfondet pr. 31.12.2014 er positivt med kr. 10 845 000,-. Ved berekning av sjølvkostfondet er inntekter og kostnader i rekneskapet fordelt mellom hushaldning og næring og gjenspeilar aktiviteten mellom dei to verksemdsområda.

	Sjølvkost-fond	Sum
Sjølvkostfond 01.01.	3 152 000	3 152 000
Årets endring i sjølvkostfond		
Prinsippendring ført mot sjølvkostfond 01.01.2014	2 822 000	2 822 000
Årets resultat overført til sjølvkostfond	4 871 000	4 871 000
Sjølvkostfond 31.12.	10 845 000	10 845 000

Slamhandsaming vert utført på vegne av alle eigarkommunene. Inntekter og utgifter knytta til handtering av slam skal inngå i eit eiga sjølvkostområde i kvar av kommunane, og årets over-/underinndekking er difor overført til fordring / gjeld mot eigarane. Pr 31.12. utgjør gjelda kr. 364 374,- (eks. mva) og inngår i anna kortsiktig gjeld. Samstundes finn ein under kundefordringar (SSR har til gode) ein post på kr 1.982.236,25 (inkl. mva.). Denne posten gjeld slamtøming fakturert til eigarkommunane, forfalt og ubetalt pr. 31.12.2014.

Resten av anna kortsiktig gjeld består hovudsakleg av opptente, ikkje utbetalte feriepengar og andre påløpte kostnader.

NOTE 11 EIGENKAPITAL

	Innskudds-kapital	Udekket tap	Sum
Eigenkapital 01.01.	-	-2 233 780	-2 233 780
Årets endring i eigenkapital			
Prinsippendring ført mot eigenkapital 01.01.2014		497 501	497 501
Årets resultat etter overføring sjølvkostfond		845 546	845 546
Eigenkapital 31.12.	-	-890 733	-890 733

NOTE 12 INNSKOTSKAPITAL OG EIGARINFORMASJON

Selskapets eigarfordeling pr. 31.12.:

Deltakar	Eigarandel	Stemme-andel
Herøy kommune	36,16 %	36,36 %
Ulstein kommune	32,41 %	27,27 %
Hareid kommune	20,71 %	18,18 %
Sande kommune	10,72 %	18,18 %
Totalt	100,00 %	100,00 %

Stemmeandel gjeld representantskapet som er selskapets øverste organ. Selskapet har ingen innbetalt innskotskapital.

Representantskapet utgjør 11 medlemmar, 2 frå Hareid, 4 frå Herøy, 3 frå Ulstein og 2 frå Sande. I følge selskapsavtala § 4 skal kvar kommune ha eit medlem for kvar påbegynt 2 500 innbyggjar, medan alle kommunene skal minst ha 2 medlemmar.

NOTE 13 GARANTJAR

I samsvar med selskapsavtala er deltakarkommunene Hareid, Herøy, Ulstein og Sande utad ansvarleg for selskapet sine samla forpliktingar i forhold til sine respektive eigarandeler.

NOTE 14 FINANSIELL MARKNADSRISIKO

Selskapet nyttar seg ikkje av finansielle instrumenter med styringa av finansiell risiko.

Renterisiko

Renterisiko oppstår på kort og mellomlang sikt som eit resultat av at selskapets gjeld har flytande rente.



Tel 70 01 81 81
Fax 70 01 81 91
www.bdo.no

Nesevegen 3
Postboks 93
6067 Ulsteinvik

Til representantskapet i Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Melding frå revisor

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS, som viser eit overskot på kr 5 716 546. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS per 31. desember 2014, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.



Melding frå revisor - 2014 - Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS, side 2

Fråsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ulsteinvik, 17. mars 2015

BDO AS


Einar Giljarrus Løkken
Statsautorisert revisor

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.



Saman tek vi vare på ressursane



SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Smårisevadet 20, N-6065 Ulsteinvik / Org.nr: NO 987 570 970 MVA / firmapost@reinhaldsverket.no / Telefon: 70 00 70 50 / reinhaldsverket.no